

Kaliumjodid SERB (65 mg)



Jodtablettar ved atomulykker

Er du under 40 år, gravid, ammande eller har heimebuande barn? Då råder vi deg til å ha jodtablettar heime. Tablettane kan gi vern mot radioaktivt jod ved atomulykker, og skal berre takast etter råd frå myndigheitene.

Oppbevar
infoarket saman
med jod-
tablettane

Kvifor ta jodtablettar?

Ved ei atomulykke kan radioaktivt jod bli spreidd via lufta og bli tatt opp i skjoldbruskkjertelen når ein pustar inn forureina luft og/eller tar til seg forureina mat og drikke. Jodtablettar blokkerer opptaket av radioaktivt jod og reduserer risikoen for å få kreft i skjoldbruskkjertelen. Jodtablettar beskyttar berre mot radioaktivt jod, og ikkje mot andre radioaktive stoff.

Råd om å ta tablettane vil ofte bli gitt saman med råd om å opphalde seg innandørs i opptil 2 døgn. Det er derfor viktig å ha tablettane lagra heime.

Når skal ein ta tablettane?

Tablettane skal berre takast etter råd frå myndigheitene. I tilfelle ei atomulykke vil råd bli gitt gjennom media, relevante myndigheiter og www.dsa.no.

Kven skal ta jodtablettar?

Det er spesielt viktig at barn og unge under 18 år, gravide og ammande tar tablettane fordi dei har størst risiko for å få kreft i skjoldbruskkjertelen etter å ha blitt utsette for radioaktivt jod. Det kan i heilt særskilde situasjonar også vere aktuelt med tablettar for vaksne mellom 18 og 40 år. Dei over 40 år har svært liten risiko for å få kreft i skjoldbruskkjertelen, og treng ikkje ta jodtablettar. Personar som har operert bort skjoldbruskkjertelen, treng ikkje å ta jodtablettar.

Myndigheitene vil gi ytterlegare råd om kva for grupper av befolkninga som skal ta tablettane ved ei atomulykke.

NB! Jodtablettar ved atomulykker må ikkje forvekslast med kosttilskot med jod. Treng du dagleg kosttilskot med jod, f.eks. ved graviditet, så spør på apoteket etter dette.

Kor mykje skal ein ta av Kaliumjodid SERB (65 mg)?

Alle over 12 år, gravide og ammande: 2 tablettar (= 130 mg)

Tablettane skal svelgast med rikeleg vatn eller anna drikke. Ved behov kan tablettene tyggast, delast eller knusast og blandast ut i fruktjuice, syltetøy, mjølk eller liknande.

Barn 3–12 år: 1 tablett (= 65 mg)

Tabletten skal svelgast med rikeleg vatn eller anna drikke. Ved behov kan den tyggast, delast eller knusast slik at ein kan gi det på ei skei med yoghurt, syltetøy eller annan halvfast mat, eller blandast ut i vatn.

Ved utblanding i vatn: legg tablettene i eit glas, tilsett litt vatn (ei mengde som barnet greier å drikke). Rør rundt i ca. 2 minutt. Tabletten løyser seg ikkje heilt, men det er greitt. Gi dosen til barnet. Gi rikeleg med drikke etterpå.

Barn 1 måned–3 år: 1/2 tablett (= 32,5 mg)

Del tablettene i to. Gi barnet den eine ½-delen. Den kan tyggast, delast eller knusast slik at ein kan gi det på ei skei med yoghurt, syltetøy eller annan halvfast mat, eller blandast ut i vatn.

Ved utblanding i vatn: legg den eine ½-delen i eit glas, tilsett litt vatn (ei mengde som barnet greier å drikke). Rør rundt i ca. 2 minutt, tabletten løyser seg ikkje heilt, men det er greitt. Gi dosen til barnet. Gi rikeleg med drikke etterpå.

Barn under 1 måned: 1/4 tablett (= 16,25 mg)

Del tablettene i fire. Legg den eine ¼-delen i eit glas, tilsett litt vatn (ca. 2 – 2,5 ml eller ei teskei vatn vil vere nok). Rør rundt i ca. 2 minutt, tabletten løyser seg ikkje heilt, men det er greitt. Gi dosen til barnet ved å bruke sprøyte eller skei. Gi rikeleg med drikke etterpå.

Til barn gir ein den same dosen uavhengig om barnet blir amma eller ikkje.

Nødvendig utstyr: Doseringssprøyter får du kjøpt på apotek, bruk ev. teskei.

Det er normalt ikkje nødvendig å undersøke barnet hos lege etter å ha gitt jod, men er du i tvil om helsetilstanden til barnet, skal du oppsøke fastlege. Dette fordi det er litt auka risiko for lågt stoffskifte hos nyfødde (0–1 måned) som har fått jodtablett.

For barn som er født prematurt anbefaler ein vanlegvis ikkje jodtablett før det passerer graviditetsveke 37.

! Bruk ikkje jodtablettar:

→ dersom du er allergisk overfor kaliumjodid eller nokon av dei andre innhaldsstoffa i legemiddelet (lista opp i pakningsvedlegget)

Disse skal ta jodtablettar, må følgast opp av behandlande lege i ettertid:

→ dersom du har stoffskiftesjukdom bør, du kontrollere stoffskifteprøver 6-12 veker etter inntaket.

→ dersom du er gravid og har stoffskiftesjukdom, må stoffskiftet følgast i svangerskapet, første gong etter to veker.

→ dersom du har dermatitis herpetiformis (Duhrings sjukdom) kan du få forverring av hudsjukdomen i tida etter at du har tatt jodtablett, og legen som behandlar deg kan justere behandlinga.

Har du spørsmål om jodtablettar? Sjå www.dsa.no. Her finn du også informasjon på ulike språk.